



# FORTIDSMINNEFORENINGA

## Sogn og Fjordane

Kaupanger, 16.08.2017

Klima- og miljødepartementet  
v/Riksantikvaren – Direktoratet for kulturminneforvaltning Pb.  
8196 Dep.  
0034 Oslo  
(Sendt til: [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no))

### **Klage på vedtak om dispensasjon frå kulturminnelova – ny samdriftsfjøs ved Hove mellomalderkyrkje**

Vi viser til brev frå Riksantikvaren til Pridla samdrift DA av 06.07.2017 med vedtak om løyve til å setje opp nytt samdriftsfjøs på gnr. 26, bnr. 23, nær den automatisk freda Hove steinkyrkje i Vik kommune. Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane vil med dette klage på vedtaket om dispensasjon frå kulturminnelova.

Med tilvising til forvaltningslova § 42, set vi innleiingsvis fram krav overfor Riksantikvaren om at Fortidsminneforeninga si klage vert gitt utsetjande verknad inntil klagen er avgjort. Primært vil foreninga rå Riksantikvaren til å opprette mellombels fredning av området inntil saka har funne si løysing.

Fortidsminneforeninga har fått innsyn i Riksantikvaren sin dialog med lokal planmynde, Vik kommune. Vi saknar eit større kulturminnefagleg engasjement frå lokale styresmakter si side, og stiller spørsmål om Riksantikvaren har gått inn i reelle drøftingar og sett krav om endringar i prosessen som kunne gitt eit forsvarleg utfall i denne saka.

Hove kyrkje er datert til slutten av 1100-talet og er den eldste steinbygningen i Sogn. Kyrkja er automatisk freda i medhald av Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova) § 4. Staten ved Miljøverndepartementet eig kyrkja, medan Fortidsminneforeninga er forvaltar. Riksantikvaren skriv i sitt brev at kyrkja og kyrkjegarden har svært høg kulturminneverdi, både som enkeltobjekt og som landskapselement. Av brevet går det vidare fram at kyrkja truleg vart bygd som gardskyrkje for garden Hove. Ho vert vidare skildra slik: *Den vesle steinkyrkja på om lag 170 kvm er bygd med framifrå materiale og handverksteknikk. Kyrkja ligg på ei lita høgd på eit platå i det opne jordbrukslandskapet med gardstun rundt slik at ho markerer seg i omgjevnadene, og med ein grøn ås som eit naturleg bakteppe mot søraust.*

Riksantikvaren har med sitt vedtak gjeve løyve til bygging av eit fjøs på 1398 kvm grunnflate, bygd i stål og betong. Fjøsen skal etter planen stå 158 meter aust for kyrkjegardsmuren. Frå før er det bygd eit samdriftsfjøs vest for denne tomta, dvs. mellom kyrkja og tomta for den planlagde fjøsen.

Då saka med den eksisterande fjøsen vart handsama i 2005 vart det gjort eit omfattande arbeid for å dempe opplevinga av nybygget. M.a. gjekk Vik kommune inn med midlar til arkitekt for å løyse utfordringane. Resultatet vart eit bygg som vart senka ned i terrenget, med justert plassering, breidde og overflatar for dempa verknad og med terrengheving mot kyrkja. Den nye fjøsen vil bli liggjande vinkelrett i høve til den eksisterande fjøsen.

Riksantikvaren skriv sjølv i sitt brev at den nye fjøsen vil bli svært synleg og skjemma sett frå mellomalderkyrkjestaden, og i det opne landskapet:

*«Riksantikvaren finn at det nye samdriftsfjøset med den storleiken og plasseringa som er presentert i byggesøknaden, vil bli utilbørleg skjemma for det automatisk freda kulturminnet Hove steinkyrkje. Der ein kjem frå vest når ein skal vitja kyrkja vil taket på det nye fjøset verke som ei monoton, lang flate som bryt landskapet i bakgrunnen til kyrkja. Ståande på mellomalderkyrkjegarden vil ein oppleve dette nye fjøset som ein fordobling av den visuelle støyen som det førre fjøset allereie representerer.»*

Som grunngeving for å gje løyve til bygging av fjøsen, nemner Riksantikvaren at *«Slike fjøs er svar på nasjonale landbrukspolitiske føringar og insentiv, og det kan vere eit spørsmål om framhald av drift eller nedlegging av bruk om ein får til å gå saman med andre brukarar om å etablere slike samdrifter. I dette høvet er det ingen av samdriftarane som har tilgang på grunn som er flat nok til å få plassert eit slikt fjøs, bortsett frå akkurat her.»*

Fortidsminneforeninga stiller spørsmål til om Riksantikvaren har etterprøvd denne påstanden. Først av alt går begge nabobruka under gnr. 26, bnr.6 og bnr.28, inn i denne samdrifta. Tuna deler grense med kvarandre, og begge tuna vil som fylgje av dette tiltaket få eit reelt saneringsbehov knytt til eksisterande bygningsmasse.

Riksantikvaren burde vore oppteken av å vurdere tiltak i høve eksisterande eldre bygningsmasse som vart til overs på Hove etter etablering av førre samdriftsfjøs. Ei rekkje bygningar kjem inn i denne kategorien av bygg som om kort tid må rivast. Ved å finne ei løysing knytt til dei eksisterande tuna ville tiltaket kunne bli langt meir akseptabelt.

Dei to andre bruka som går inn i samdrifta har driftssentrum fleire kilometer frå omsøkte lokalitet. For deira vedkomande, og transportbehovet som vert omtala, også av Riksantikvaren, vil all endring i retning deira driftssentrum vere positivt. Vi registrerer fråveret av vurdering av slike alternativ. Vi kan som døme trekke fram bnr.28 sin teig på omkring 15 da liggjande ved kommunevegen ikkje meir enn 300 meter frå omsøkt tomt. Den er ikkje flat, men absolutt høveleg til eit slikt tiltak.

Frå Fortidsminneforeninga sin ståstad kan det sjå ut som at både lokale og sentrale styresmakter har låst seg til kva areal samdriftspartane sjølv disponerar. Innan landbruket er vel å merke både makebyte, grensejusteringar og for den del sal av grunn kjende verkemiddel når situasjonen krev det.

Løyvet frå Riksantikvaren er gjeve på følgjande vilkår:

- *Fjøset skal ha veggjar i mørk grå fasadeelement av type «Søsten», tak i Antrasit og gavltrekant i Siena – som foreslått av leverandøren.*
- *Takflata skal vere matt.*
- *Fjøset skal bli plassert så langt aust på tomta at det vert frigjort eit belte på ca 10 meter breidde for treplanting langs tilkomstvegen vest for fjøsen.*
- *Det skal bli planta tre av ulike sortar og storleik i to rekkjer langs vegggrøfta vest for fjøsen slik at fjøsen blir skjult av vegetasjon sett frå mellomalderkyrkjegarden.*
- *Landskapsarkitekt eller anleggsgartnar med kompetanse på lokale tilhøve skal lage framlegg om planteplan som skal godkjennast av Riksantikvaren.*
- *Planteplan skal vere godkjend av Riksantikvaren og utplanting gjennomført før kommunen kan godkjenne ferdigstilling av byggeprosjektet.*
- *Dersom det oppstår endringar i prosjektet, skal Riksantikvaren bli kontakta for vurdering av om nytt løyve er naudsynt.*

Fortidsminneforeninga i Sogn og Fjordane meiner at vilkåra som er stilt ikkje vil verke avbøtande i tilstrekkeleg grad til å kunne hindre utilbørleg skjemming av det automatisk freda kulturminnet, Hove kyrkje. Dei avbøtande tiltaka som består i farge- og materialval, samt leplanting langs fjøsen, vil etter vår oppfatning ikkje kunne hindre ei visuell forringing av kulturlandskapet som dannar konteksten til mellomalderkyrkja.

Leplantinga i form av «tre av ulike sortar og storleik i to rekkjer langs vegggrøfta vest for fjøsen» vil etter vårt syn i seg sjølv utgjere eit brot med det opne jordbrukslandskapet som i dag pregar området. Trass i materialvalet vil fjøsen framstå som eit industribygg som i stor grad vil gjere innsatsen som vart gjort med tilpassinga av den eksisterande fjøsen fånytt. Vi ser i tillegg med uro på dei sidene ved saka som ikkje er vurdert av Riksantikvaren, som t.d. driftsformen som følgjer av ein fjøs av slike dimensjonar. Ei slik drift medfører mykje køyring til og frå driftsbygningen, støy og avfall. Samstundes vil drifta krevje at eit større areal vert nytta til lagring av fôr i form av rundballar, som i seg sjølv vil ha ei visuell verknad på omgjevnadane.

I tillegg til driftsforma kan vi ikkje sjå at Riksantikvaren har vurdert verknaden av den infrastrukturen som rimelegvis må til for å kunne drive fjøsen. Vegar, lagringsplass for fôr og gjødsel, og lufteområde for dyra vil leggje beslag på fleire daa i tillegg til det 1, 4 daa store bygget.

Riksantikvaren skriv sjølv at «*Ei lita mellomalderkyrkje som Hove steinkyrkje er spesielt sårbar for moderne tiltak som gjerne har ein heilt annan skala. Sàm driftsfjøs har ei industriell produksjonsform som er svært arealkrevjande.*». Her registrerer Riksantikvaren at Hove steinkyrkje si tolegrense vert overskriden ved gjennomføring av prosjektet, men tek det likevel ikkje til følgje når dispensasjonsvedtaket vert fatta. Etter vårt syn er det tydeleg at verken lokale, regionale eller sentrale kulturminnestyresmakter kan akseptere endå ein samdriftsfjøs ved Hove mellomalderkyrkje frå ein kulturminnefagleg ståstad.

Fortidsminneforeninga meiner at det må gjerast ein langt større innsats for å finne ein alternativ plassering av fjøsen.

Skuffelsen over Riksantikvaren sitt vedtak vert ytterlegare forsterka når vi i publikasjonen *Store nye landbruksbygg i landskapet* av Nordisk Ministerråd, les om den førre prosessen med samdriftsfjøs på Hove i ein artikkel av Riksantikvaren ved Hanna Geiran:

*«Fellesfjøset i Vik vil derfor kunne fungere som et referanseprosjekt og kan forhåpentligvis brukes som et eksempel og en motvekt til bygging av lødriftsfjøs som i svært stor grad kun er styrt av økonomi, produksjonslinjer og praktiske hensyn.»*

Vi etterlyser i dette tilfellet ein innsats frå offentlege styremakter for å motverke at nettopp dette skjer i nær tilknytning til ei av våre best bevarte mellomalderkyrkjer i romansk stil.

*Med beste helsing,*

*Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane*

*Lasse Sælthun, styreleiar*  
*Tlf 911 81 665*

*Jon E Tammes, dagleg leiar*  
*sognogfjordane@fortidsminneforeningen.no*

Kopi: Antikvarisk utval v/Erik Solheim, tilsynshavar Kari Wiken Sunde, generalsekretær Ola Fjeldheim

tlf. +47 57 67 88 40 besöksadr.: Vestreim, 6854 Kaupanger org.nr. 971 363 231 bankkonto: 3720 07 18217  
[www.fortidsminneforeningen.no](http://www.fortidsminneforeningen.no)